

Fjågesund Posten

Nr. 1 februar 2022



GRILL-KVELD I LJOSLØYPA!

Fredag 4. februar kl 18.00

v/Evjo.

Me set opp bålpanne og spanderar pølser, brød, og kaffe/soft. Ta med ski/akebrett og noko å sitje på. Null-løp for dei som vil! Parkering v/skulen.

Værratterhald, ikkje under -10°C . Velkomen!

Arr. Fjågesund IL

STØTT FJÅGESUND IL MED TOMGODS!

Har de tomgods som vi kan pante til inntekt for laget vårt, vil vi gjerne at de set det ut i knytt pose, ved trammen eller innkjørsla di slik at det er lett å finne.

Vi køyrer rundt og samlar inn:

måndag 7. februar kl 17.00



GANGETUR FOR ALLE!

Tysdag 15. februar kl. 18.00

Start frå grendehuslassen. Hugs refleks!

Værratterhald.

Arr. Fjågesund IL

ÅRSMØTE

Fjågesund grendehuslag torsdag 24. februar
kl. 19.00 på grendehuset

- Årsmelding
- Rekneskap
- Val
- Saker må vere styret i hende seinast 15. februar.



Sudigard ca. 1920

"MØTEPLASS FJÅGESUND"

er på grendehuset, i det gamle møterommet. Det blir ope kvar **torsdag kl. 16.00 - 20.00** i heile **mars** måned.

Brukt. Kaffi. Is. Lite bibliotek med bokbytte.

Idrettslaget oppfordrar til: **Lag din eigen stand, ta med hobby, godt humør, spel, moro, prat og kom med forslag til aktivitetar.**

For Fjågesund IL: Aud Turid, tlf: 905 75 915



Fjågesundvegen ca. 1920

ÅRSMØTE

Fjågesund Idrettslag tysdag 1. mars
kl. 18.00 på grendehuset

- Årsmelding
- Rekneskap
- Val av styre og verv
- Medlemskontingent
- Saker må vere styret i hende seinast 15. februar.



ÅRSMØTE

Fjågesund vassverk har årsmøte på grendehuset torsdag 10. mars kl 18.00.

Saker på møtet:

- Årsmelding
- Rekneskap
- Evt. utbedringer
- Val

Saker som medlemmene ønsker å ta opp, må være hos leier innen 1. mars.

Mvh. styret.

God Påske!



GUDSTENESTE

2. påskedag 18. april kl. 11.00

i Fjågesund kyrkje v/ Møyfrid Lunde.

Dåp. Nattverd.



Påskebasar og skirennet Knarren Rundt vert vurdert arrangert fortløpande etter koronasituasjonen. Endeleg avgjerse vert teken etter årsmøtet til idrettslaget.

LJOSLØYPA

Idrettslaget melder om fine forhold i ljosløypa nå og vi ser med glede at mange har teke ho i bruk. Sidan vi investerte i løypemaskin er det nå mogleg å ha løypa i god stand, uansett føre, om det er isete eller tung sno. Med snoscooter var dette vanskeleg eller umogeleg, men løypemaskina kan frese opp isete løyper for å få dei fine att. Så lenge det er snoforhold vil vi køyre opp ljosløypa.

Støtt gjerne dugnadsarbeidet vårt og bli medlem i Fjågesund Idrettslag.

God Tur!



ØIGARDSBAKKEN

I lia ovanfor låven på Øigarden har det vore ein hoppbakke. I 1920/30 åra var det hoppfeber i Noreg, og vi veit at brørne Sverre og Olav Øigarden arrangera hopprenn i Øigardsbakken. Det kom deltakarar frå Tørdal, Kviteseid, Flåbygd samt bygdefolk. Mange gjekk på isen hit. Dei betala deltakarkontingent og hadde med niste. Premiane var sylvpokalar, men det finst ikkje mange att av desse som me veit om, då det ikkje var uvanleg å smelte om og selje sylvet i dei harde 30-åra. Terrenget er bratt, farta vart stor og nedslaget hardt. Det var høg banning og mange fall, så Nils Strandkås døypte bakken til Knokkelknekkarkneika!

Er det nokon som har gamle foto, fakta eller historiar om Øigardsbakken, ta kontakt med Kjersti.

Sjå også heimesida til Fjågesund på:
fjaagesund.no

Fjågesund IL er på Facebook